



Arkivnr: 2014/13701-14

Saksbehandlar: Sigrid H Aardal

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Klagenemnda		24.03.2015

Klagesak

Klage på vedtak om tildeling av drosjeløyve R-8, R-16 og R-28 og reservedrosjeløyve R-839 tilknytt Øygarden Taxi.

Samandrag

Totalt er det 5 ordinære drosjeløyve og 2 reservedrosjeløyve knytt til Øygarden Taxi SA (org.nr. 996 592 421). Frå 2012 har Helge Røsæther vore den einaste løyvehavaren i Øygarden med 2 ordinære drosjeløyve og 1 reserveløyve. Drosjesentralen er inaktiv. Dei ledige drosjeløyva R-8, R-16 og R-28 og reservedrosjeløyve R-839 tilknytt Øygarden Taxi SA vart lyst ledig i pressa 22.11.2014. Innan søknadsfristen gjekk ut melde det seg 3 søkjarar. Fylkesdirektør samferdsel fatta vedtak om tildeling av alle løyva den 22.12.2014. Røsæther har i klage datert 08.01.2015 klaga på at løyva er tildelt nye løyvehavarar. Klaga er rettidig.

Røsæther hevdar at det ikkje er behov for fleire løyve i Øygarden, og at fleire løyvehavarar vil føra til nedgang i køyreoppdrag i drosjeverksemda hans. Han bed fylkesdirektør samferdsel omgjera/oppheva tildelinga.

Fylkesdirektør samferdsel har vurdert klaga som underinstans og funne å oppretthalda siitt vedtak om ikkje å ta klaga til følgje.

Fylkesrådmannen har vurdert klaga og saka og finn å rå til at klaga frå Helge Røsæther over fylkesdirektør samferdsel sitt vedtak om utlysing og tildeling av drosjeløyver i Øygarden ikkje vert teken til følgje.

Forslag til vedtak

Klage frå Helge Røsæther av 08.01.2015 over utlysing og tildeling av drosjeløyve R-8, R-16 og R-28 og reservedrosjeløyve R-839 tilknytt Øygarden Taxi SA i Øygarden vert ikkje teken til fylgje.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Ingrid Kristine Holm Svendsen
fylkesdirektør organisasjon

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 16.02.2015**Bakgrunn**

Dei ledige drosjeløyva R-8, R-16 og R-28 og reservedrosjeløyve R-839 tilknytt Øygarden Taxi vart lyst ledige i pressa 22.11.2014. Innan søknadsfristen gjekk ut melde det seg 3 søkjarar. Fylkesdirektør samferdsel fatta vedtak om tildeling av alle drosjeløyva den 22.12.2014. Løyvehavar Helge Røsæther (org.nr. 991 943 579) har klaga på vedtaket 08.01.2015. Klaga er rettidig.

Rettsleg grunnlag

Det er løyvestyresmakta som fastset talet på drosjeløyver/ reservedrosjeløyve. Drosjeløyver er behovsprøvd.

Forskrift til yrkestransportlova

§ 37. Innledende bestemmelser

Dersom løyvemyndigheten ikke treffer annet vedtak, skal for drosjeløyve, selskapsvognløyve og løyve for transport for funksjonshemmede den enkelte kommune utgjøre et løyvedistrikt.

Løyvemyndigheten fastsetter antall løyver i hvert løyvedistrikt.

Når særlige grunner tilsier det, kan løyve gis for et avgrenset tidsrom.

Ledige løyver skal kunngjøres.

§ 43. Tildeling av løyve, fortrinnsrett

Dersom ikke særlige grunner taler mot at vedkommende gis løyve, har søker med minst to års ansiennitet som full tids drosjefører i løyvedistriktet fortrinnsrett til løyve som blir ledig ved at en løyvehaver dør eller opphører med virksomheten.

Ansiennitet som full tids drosjefører regnes kun hvis drosjeyrket er utøvd som vedkommendes hovedervern.

Er det flere søkere som oppfyller dette krav, gis den søker som har lengst ansiennitet fortrinn. Fortrinnsretten gjelder bare for tildeling av ett løyve.

Ved fravær fra yrket som full tids drosjefører i løyvedistriktet over tre år, bortfaller tidligere opparbeidet ansiennitet. Avbrudd i drosjeyrket på grunn av sykdom legitimert ved sykemelding, svangerskap eller militærtjeneste regnes ikke som fravær. Ansiennitet opparbeides også ved avbrudd som nevnt, likevel ikke utover ett år. Treårsfristen regnes fra utløp av sykemeldingsperioden, utløp av lovfestet svangerskapspermisjon med lønn eller avsluttet militærtjeneste.

Løyvehaver som søker ledig løyve annet sted innen løyvedistriktet, vil få medregnet ansiennitet for den tid vedkommende har innehatt drosjeløyve i løyvedistriktet i tillegg til eventuell ansiennitet som full tids drosjefører i distriktet.

Ved eventuell endring i distriktsinndelingen beholdes den ansiennitet som er opparbeidet i det tidligere løyvedistrikt

Klage frå Helge Røsæther

Røsæther meiner at fylkeskommunen ikkje har tatt ei behovsprøving før tildeling av dei ledige løyva i Øygarden. Han stiller spørsmål ved kvifor Øygarden Taxi ikkje har vore kontakta med spørsmål om korleis sentralen ser på behovet for ytterlegare drosjeløyve i kommunen. Han hevdar at tildeling av ledige løyve til nye løyvehavarar kan medføre så dårleg økonomi i drosjeverksemda hans, at han må seia opp sjåførar og levera inn eit av drosjeløyva. Saldobalansen for periode 0-10 2014 viser ein nedgang på den totale innkøyringa i Røsæther si drosjeverksemd frå same periode året før. Han hevdar at dette i hovudsak skuldast mindre aktivitet på olje- og gassanlegga i kommunen. Vidare hevdar han at det er stor økonomisk risiko for nye løyvehavarar i Øygarden.

Fylkesdirektør samferdsel si vurdering

"I Øygarden kommune er det totalt 7 drosjeløyve, 5 ordinære drosjeløyve og 2 reserveløyve. Fylkesutvalet fatta 22.04.2010 vedtak om etablering av drosjesentral i Øygarden. Ved brev av 21.02.2011 til fylkeskommunen ga Øygarden kommune uttrykk for at dei ynskte at sentralen skulle koma i gang. Øygarden Taxi SA med org.nr. 996 592 421 vart etablert og registrert i Brønnøysund i februar 2011. Det var då 3 løyvehavarar i Øygarden og 6 aktive løyve, medan 1 drosjeløyve var ledig.

På same tid klaga ein av løyvehavar til fylkeskommunen på at reserveløyva vart brukt i konkurranse med dei ordinære løyva, og at dette førte til manglande inntening for dei ordinære løyva. I løpet av 2011 og 2012 leverte to løyvehavarar inn sine løyve. Røsæther vart einaste løyvehavaren i Øygarden. Han var einaste sækjar ved kunngjering av ledige løyve i 2012 og fekk tildelt eit ekstra ordinært drosjeløyve. Han driv no drosjeverksemda som bustadløyve. Det er ingen drosjebilar som kan transportera rullestol i kommunen. Øygarden Taxi SA er inaktiv som drosjesentral.

Det går fram av yrkestransportforskrifta § 37, tredje ledd at «*Ledige løyver skal kunngjøres*». I tråd med gjeldande regelverk har Hordaland fylkeskommune kunngjort dei ledige løyva i Øygarden i pressa fleire gongar tidlegare, men utan at det har meldt seg sækjarar. Hausten 2014 vart fylkeskommunen kontakta av ein potensiell sækjar som var interessert i å driva drosjeverksemd i Øygarden. Fylkeskommunen kunngjorde alle løyva ledige i pressa den 22.11.2014. Det melde det seg 3 sækjarar. Røsæther vart informert om dette og fekk førespurnad om han ynskte å ta initiativ til å få drosjesentralen i gang att. Dette stadfesta han på telefon. Fylkesdirektør samferdsel fatta vedtak 22.12.2014 og alle dei ledige løyva vart tildelt nye løyvehavarar.

I samband med utlysinga i 2013 skreiv Røsæther i brev 25.02.2013 at «*Dere må selvsagt lyse ut nye løyver i Øygarden, men husk at løyvehaverne også skal kunne leve av virksomheten*». Fylkeskommunen har ikkje oppretta nye løyve, men kunngjort løyve som har blitt ledige etter innlevering, og det er ikkje grunn for å konferera med den einaste løyvehavaren for kvar gong ny utlysing finn stad. Med dagens drosjesituasjon er det ingen konkurranse i drosjemarknaden i Øygarden. Dersom Røsæther si klage skulle takast til fylgje, vil dette føra til at ein etablerer eit monopol.

I fylgje SSB er den gjennomsnittlege drosjedekninga i Norge 1 drosje per 604 personar. Med dagens folketal i Øygarden på ca. 4700 personar, er drosjedekninga der 1 drosje per 1566 personar, ei klar underdekning i forhold til landsgjennomsnittet. Fylkeskommunen har mottatt klagar frå publikum i Øygarden på at det er vanskar med å få drosje, spesielt på kveld og natt, og handikappa har klaga på at det ikkje er drosje som kan transportera rullestol i kommunen. Etter fylkesdirektør samferdsel si vurdering er det behov for fleire løyvehavarar og aktive drosjeløyve i Øygarden.

Ein av sækjarane er per i dag tilsett som sjåfør hjå Røsæther, og ein må kunna leggja til grunn at han kjenner drosjemarknaden i Øygarden. Dersom publikum opplever at det er vanskar med å skaffa drosje, finn dei fram til andre transportalternativ og etterspurnaden etter drosjetenester går ned. Fleire løyvehavarar og større tilbod kan vera med på å stimulera etterspurnaden. For rullestolbrukarane er det ein klar føremon at det no vert rullestolbil tilgjengeleg. På denne bakgrunn finn fylkesdirektør samferdsel at det ikkje er grunnlag for å gjera om vedtaket om tildeling av drosjeløyve i Øygarden."

Fylkesrådmannen si vurdering

Det er løyvestyresmakta som avgjer og fastset talet på drosjer. Dette vert gjort ut frå ei vurdering av behovet. I Øygarden har det i lengre tid vore fleire ledige løyver som ikkje det har vore sækjarar til. Sist det vart utlyst ledige løyver var det berre den eine løyvehavaren i Øygarden som søkte. Han fekk då tildelt eit ordinært drosjeløyve, slik at han i dag har 2 ordinære drosjeløyver og eit reservedrosjeløyve.

Grunnen til at dei 3 ledige ordinære løyver, samt eit reservedrosjeløyve no vart lyst ut på nytt var at det var kome tilbakemelding til løyvestyresmakta at det var interesse for løyva, og at det ville vera sækjarar til desse. Ut frå den situasjonen som er i Øygarden med underdekning på drosjer var det ikkje noko som skulle tilsei at dei ledige løyva ikkje skulle lysast ut. Slik situasjonen var det ingen konkurranse i

drosjemarknaden i Øygarden. Dersom Røsæther si klage skulle takast til fylgje, vil dette føra til at ein etablerer eit monopol.

I følgje forskrift til yrkestransportlova § 37 skal ledige løyver kunngjerast.

Slik fylkesrådmannen ser det er det uheldig at det berre er ein løyvehavar i Øygarden. Når det no var interesse for ledige drosjeløyver må desse lysast ut, slik at dei som er interessert kan søkja. Det har vore underdekning i tilgang på drosje i lang tid. Av opplysningane frå fylkesdirektør samferdsel går det fram at det har vore 1 drosje per 1566 personar i Øygarden, mot landsgjennomsnittet som er 1 drosje per 604 personar.

Det at Røsæther her peikar på at hans inntekt vil gå ned som følgje av dette, og at det kan medføra at han må levera inn eit løyve kan ikkje vektleggjast slik at ein ikkje kan lysa ut ledige løyver. Fylkesrådmannen meiner at det er tilbodet til publikum som må vega tyngst. Det skal vera eit fullgodt tilbod dersom det let seg gjera.

Fylkeskommunen har motteke klagar frå publikum i Øygarden på at det er vanskar med å få drosje, spesielt på kveld og natt, og handikappa har klaga på at det ikkje er drosje som kan transportera rullestol i kommunen. Dette viser at det er behov for fleire løyvehavarar og løyver som er aktive. For rullestolbrukarane er det ein klar føremon at det no vert rullestolbil tilgjengeleg, noko som vil betra transporttilbodet til desse.

Fylkesrådmannen viser elles til den vurderinga som er gjort av fylkesdirektør samferdsel.

Fylkesrådmannen rår til at klage frå Helge Røsæther på utlysing og tildeling av ledige drosjeløyver i Øygarden ikkje vert teken til følgje.